



ØRSTA KOMMUNE

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

03 1708

149

ASR/for

40

Arkivsak: 03/01632

HØRING AV FORSLAG TIL NYE BESTEMMELSER OM OVERFØRING AV MYNDIGHET OG NY FORSKRIFT OM SAKSBEHANDLING I KOMMUNEN

Sakhandsamar:	Olav Kløkk	Arkivkode:	V04 &13
Utvalsak	Utval	Møtedato	
0037/03	LANDBRUKSNEMNDA	16.10.2003	

Vedtak/handsaming i LANDBRUKSNEMNDA den 16.10.2003

VEDTAK:

Landbruksnemnda i Ørsta kommune meiner det er rett å gje ansvar og mynde til kommunen i samsvar med framlegg til overføring av mynde i saker etter jordlov, konsesjonslov, odelslov og skogbrukslov.

Landbruksnemnda meiner at overføringa vil føre til meirutgifter for kommunane i auka ressursbruk og auka krav til kompetanse. Landbruksnemnda meiner at det skal gjevast nødvendig økonomisk kompensasjon slik at kommunene vert forplikta til å ha tilfredsstillande landbruksadministrasjon og nødvendig jord- og skogbrukskomptanse. Det må òg følgje med nødvendig økonomisk kompensasjon for å ha tilfredsstillande opplæring og kompetanse av politisk mynde i kommunen.

Landbruksnemnda viser til saksutgreiinga nedanfor og meiner at landbruksforvaltninga i kommunane står overfor store utfordringar i framtida og det er nødvendig med ein ny og grundig gjennomgang av kva auka ressursar og kompetanseheving kommunene må gjennomføre for å utøve landbrukspolitisk ansvar og handling lokalt.

HANDSAMINGA:

(6 røysteføre)

Det vart sett fram fellesframlegg frå landbruksnemnda om slikt tillegg til tilråding til vedtak: "Det må òg følgje med nødvendig økonomisk kompensasjon for å ha tilfredsstillande opplæring og kompetanse av politisk mynde i kommunen."

Tilrådinga med tillegg vart samrøystes vedteken.

Utskrift til:

Landbruksdepartementet, Avdeling for skog- og ressurspolitikk, 8007 Dep, 0030 Oslo

Rett utskrift, 17.10.03

Liv Bente Viddal

Liv Bente Viddal

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar : **Olav Klock**
Arkivsaksnr.: **03/01632**

Arkiv: V04 &13

Saka gjeld: **HØRING AV FORSLAG TIL NYE BESTEMMELSER OM
OVERFØRING AV MYNDIGHET OG NY FORSKRIFT OM
SAKSBEHANDLING I KOMMUNEN**

TILRÅDING:

Landbruksnemnda i Ørsta kommune meiner det er rett å gje ansvar og mynde til kommunen i samsvar med framlegg til overføring av mynde i saker etter jordlov, konsesjonslov, odelslov og skogbrukslov.

Landbruksnemnda meiner at overføringa vil føre til meirutgifter for kommunane i auka ressursbruk og auka krav til kompetanse. Landbruksnemnda meiner at det skal gjevast nødvendig økonomisk kompensasjon slik at kommunene vert forplikta til å hø tilfredsstillande landbruksadministrasjon og nødvendig jord- og skogbrukskomptanse.

Landbruksnemnda viser til saksutgreiinga nedanfor og meiner at landbruksforvaltninga i kommunane står overfor store utfordringar i framtida og det er nødvendig med ein ny og grundig gjennomgang av kva auka ressursar og kompetanseheving kommunene må gjennomføre for å utøve landbrukspolitisk ansvar og handling lokalt.

Utskrift til:

Landbruksdepartementet, 8007 Dep, 0030 Oslo

Vedlegg:

1. Brev frå Det Kongelige Landbruksdepartement, datert 12.06.03

Uprenta saksdokument (følgjer saka):

1. Overføring av myndighet til kommunen, fylkeslandbruksstyret, fylkesmannen, statens landbruksforvaltning og bergvesenet etter konsesjonsloven, jordloven, odelsloven og skogbruksloven

Saksopplysningar:

Landbruksdepartementet har i høringsbrev datert 12.06.2003, sendt ut til høyring forslag om:

- 1) Nye bestemmelser om overføring av myndighet til kommunen, fylkeslandbruksstyret, fylkesmannen, Statens Landbruksforvaltning og Bergvesenet etter konsesjonsloven, jordloven, odelsloven og skogbruksloven,
- 2) Ny forskrift om saksbehandling m.v. i kommunen i saker etter konsesjonsloven, jordloven, odelsloven og skogbruksloven.

Landbruksdepartementet ber om at høringsuttale skal skje innan 15. september 2003.

I samband med orientering frå landbruksdepartementet på kurs i slutten av september månad (i Geiranger) vart det sagt i frå landbruksdepartementet (Selvik) at ein også etter høringsfristen sitt utløp, kunne kome med synspunkt/uttale.

Sjølv om høringsfristen er utgått, finn ein forslaget så viktig og interessant at landbruksnemnda i Ørsta kommune bør kome med ein uttale.

Departementet sitt framlegg bygg på eit utkast som er utarbeidd av ei arbeidsgruppe for delprosjektet "Desentralisering av juridiske verkemidlar" som er ein del av hovudprosjektet "Kommunerettet satsing på landbruksområdet". Prosjektet vart oppretta i samband med gjennomføringa av St.meld. nr 19 (2001-2002) "Nye oppgaver for lokaldemokratiet- regionalt og lokalt nivå. Det er lagt til grunn at endringa skal skje med verknad frå 1. januar 2004.

Det vert også gjort framlegg om å overføre mynde til avgjerd etter § 9 i jordlova om omdisponering av dyrka og dyrkbar jord. Dette er ein naturleg konsekvens av overføring av mynde i alle delingssaker då det ofte er ein nær samanheng mellom frådeling og omdisponering av dyrka jord. Det vil vere ein uheldig situasjon dersom kommunen skal avgjere delingsspørsmålet og fylkeslandbruksstyret avgjere spørsmålet om omdisponering.

Departementet gjer framlegg om at følgjande saker skal avgjerast av kommunen som førsteinstans:

- saker etter jordlova § 8 tredje og fjerde ledd
- saker etter jordlova § 9 femte ledd
- saker om å gje pålegg om å søkje konsesjon etter konsesjonslova § 20 andre og tredje ledd og odelslova § 29 andre ledd
- saker om unntak frå hogstforbod etter konsesjonslova § 27 første ledd
- saker om tilbaketrekking av konsesjon og fastsetjing av frist for sal etter konsesjonslova § 23 andre og tredje ledd og odelslova § 29 tredje ledd
- saker om frist for pantavar til å bringe tvangsbruk som er i strid med konsesjonslova § 3 andre ledd til opphøyr eller frist for erverver til å sørge for

- omgjeriing av overdraginga eller å overdrage til nokon som kan få eller ikkje treng konsesjon etter konsesjonslova, jf. konsesjonslova § 25
- saker om forlenging av frist for vidareasal etter konsesjonslova § 6 første ledd nr 5 tredje punkt.

Ein viser her til det som er sagt i høyringsbrevet frå landbruksdepartementet datert 12.06.2003.

I brevet er følgjande sagt om framlegg til forskrift om sakshandsaming i kommunen:

Det er gjort framlegg om nokre nye vedtekter i forskrift om sakshandsaming m.v. i kommunane. Dette inneber m.a. at kommunane ikkje lenger vil ha plikt til å nytte departementet sitt sakshandsamingssystem, Ajour, som kommunane (landbrukskontora) må nytte no. Med omsyn til innlevering av statistikk om tal saker, arealavgang m.m. er det gjort framlegg at kommunane må nytte det elektronisk dataformatet som vert fastsett av departementet.

Vidare vert det gjort framlegg om at kommunane skal stille til rådvelde dei saksdokumenta som landbruksdepartementet ber om i samband med evaluering av praksis.

Administrative og økonomiske konsekvensar.

Hovudtyngda av sakene på landbruksområdet gjelder omdisponering, deling og konsesjon. Når det gjeld talet på konsesjonssaker meiner landbruksdepartementet at dette har gått ned som følge av at arealgrensa når det gjelder konsesjonspliktig kjøp av eigedom har vorte heva i 2001.

Landbruksdepartementet seier i brevet (12.06.2003) at forslaget om overføring av oppgåver til kommunene vil føre til at dei sakene som i dag vert avgjort i fylkeslandbruksstyret som førsteinstans heretter vil bli avgjort av kommunen.

Landbruksdepartementet hevdar i brevet at kommunen har også i dag ansvaret for å innhente nødvendige opplysningar og legge sakene til rette etter dei aktuelle vedtekter sjølv om kommune ikkje har avgjerdsmynde som førsteinstans. Såleis hevdar departementet at dette inneber at forslaget om at omlegginga med overføring av mynde til kommunen ikkje vil føre til betydelege administrative og økonomiske konsekvenser utover dei ressursar som alt vert nytta.

Fylkesmannen, fylkeslandbruksstyret og Statens landbruksforvaltning vil tilsvarende få frigjort ressursar på grunn av overføringa av oppgåvene.

Vurdering og konklusjon:

I St.meld. nr. 31 (2000-2001) *Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordelling – omhandler det statlige regelverket rettet mot kommunesektoren, er det fremmet forslag om at lovreglene om kravet til jord- og skogbruksfaglig kompetanse oppheves.*

Til dette må ein merke at i ei omleggingsfase der kommunane skal få auka ansvar og mynde på landbruksområdet er det **viktig at jord- og skogbruksfagleg kompetanse oppretthaldast.** Lokal jord- og skogbruksforvaltning er inne i ei stor omleggingsfase rundt om i kommunane. Ny planlov er under utarbeiding. Bærekraftig utvikling foreslått i loven sin overordna formålsparagraf. Særlovgevinga skal tilpassast mest mulig planprosessane etter plan- og bygningslova. I LNF-områdene blir det gjort mulig å legge inn soner for biologisk mangfold,

naturvern eller friluftsliv. For at landbruksnæringen ikkje skal verte taper i forhold til desse andre interessene i forvaltning av landbruksareala og utmarka er det viktig at kravet om kompetanse blir oppretthalde. I tida framover er det behov for konkret satsing i jordbrukslandskapet. Igjengroing av kulturlandskapet i utmarka og nedlegging av gardsbruk med opphør av drifta og påfølgjande igjengroing av beite- og slåttemark, er dei store utfordringane landbruket på Vestlandet står overfor i høve kulturlandskapet. Kulturlandskapet blir best sikra også i framtida gjennom aktiv landbruksdrift og den innsatsen som gardbrukarane gjer i sine ulike val av driftsformer.

Målet er å stimulere til lokal forankring, verdsetting og aksept for kva landbruket står for i kommunen, for å legge til rette for eit forsterka lokaldemokrati på landbruksområdet. Den beste måten å sikre at forskjellige kulturlandskapstyper blir vidareført på, er som ein aktiv del av landbruket i staden for gjennom delplaner/soner etter plan- og bygningsloven.

Kompetanse innanfor landbruk i kommunen er også svært viktig for å kunne ivareta dei pålagde lovoppgåvene. Planlegging innanfor landbruksnæringa og kommunal forvaltning krev fagkunnskap og innsikt. Kommunene må sikrast tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å handsame eksisterande saksområder og nye som vert delegert framover gjennom desentralisering av mynde og ansvar for gjennomføring av landbrukspolitikken.

Når det gjelder **administrative og økonomiske konsekvensar** som overføring av mynde og ny forskrift om sakshandsaming i kommunene vil medføre, vil ein merke følgjande:

Landbruksdepartementet hevdar at omlegginga ikkje vil innebære betydelege administrative og økonomiske konsekvensar utover dei ressursane som alt vert nytta. Dette er ein sterkt usamd i. Omlegginga vil føre til at kommunene som førsteinstans må kvalitetssikre sakshandsaminga både fagleg og juridisk. I dag har fylkesmannen og fylkeslandbruksstyret stått som overordna organ med tyngde i administrasjon og politisk i kommunene. Når endeleg vedtak vert gjort lokalt vil dette medføre meir arbeid både sakshandsamingsmessig sett og i å utøve og påverke prosessen for gjennomføring av kommunen som landbrukspolitisk aktør. Kommunene har ulike forutsetningar for å gjennomføre denne rolla og det blir klart uttrykt at denne utfordringa ligg til landbruksforvaltninga i kommunen.

Fylkesmannen har hatt tilsett jurist og fleire sakshandsamarar på dette saksområdet og det er heilt urimeleg å tru at omlegginga ikkje skal føre til meirarbeid for kommunane. Ein skal heller ikkje sjå vekk ifrå at kommunene i økonomisk trange tider vil spare og føreta innsparingar i landbruksforvaltninga. Kravet til kvalitetssikring i sakshandsaminga kan verte redusert og medføre feil som kommunen eventuelt blir økonomisk ansvarleg for. Etter at landbruksforvaltninga vart overført til kommunane, har det vorte overført nye oppgåver innafor landbruksforvaltninga utan at kommunane har fått kompensasjon for dette. Det kan også nemnast at i samband med overføringa til kommunane vart det i den kommunale landbruksforvaltninga i Møre og Romsdal omdisponert ca 12 stillingsressursar til regionale stillingar i fylket og i det alt vesentlegaste er desse stillingane no vekke. Det vil vere trong for både auka kapasitet og heving av kompetanse i kommunane for å kunne gjennomføre overføringa av mynde og ansvar til kommunane på ein tilfredsstillande måte.

Landbruksnæringa står for viktige arbeidsplassar og bygder med fritidsbruk, deltidsbruk og heiltidsbruk som gjev busetting og livsvilkår i kommunene. For at landbruket skal kunne oppfylle slike viktige samfunns mål må kommunen gjevast moglegheit til å utvikle lokal

styring. Gardbrukarane i kommunen gjev også klare signal på at ei sterk landbruksforvaltning i kommunen er viktig for gardbrukarane som skal fortsette i mange år framover og viktig for rekruttering i landbruket.

Heilheitleg sett må det vere mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket at landbruksforvaltninga i kommunene får nødvendig økonomisk kompensasjon slik at kommunen har god landbruksadministrasjon og nødvendig jord- og skogbrukskompetanse.



Olav Klokk
landbrukssjef